

ANSVARLEG INNOVASJON OG REGIONAL UTVIKLING VED HVL

2. januar 2025

BAKGRUNN OG PROSESS

Dei tre fakulteta ved HVL etablerte i 2024 ei arbeidsgruppe leia av prorektor for regional utvikling. Mandatet for gruppa var å utarbeide ein policy for ansvarleg innovasjon og regional utvikling på institusjonsnivå, som eit retningsgivande referansedokument for arbeidet i prorektor for regional utvikling si linje. Dokumentet tek utgangspunkt i HVL sin verksemdstrategi. Det blei tidleg slått fast at handlingsplanar på feltet må liggje til kvart einskilde fakultet eller eining.

Prodekanar for regional utvikling/samhandling var faste representantar i arbeidsgruppa, medan ressursar frå fakulteta blei kopla på ved behov. Avdeling for samfunnskontakt, arbeidsliv og livslang læring har hatt sekretariatsansvaret for arbeidet. Undervegs i prosessen har utkast til policy vore sirkulert og drøfta i leiargruppene i dei tre fakulteta, på møte i toppleiinga og på møte med rektor.

POLICY FOR ANSVARLEG INNOVASJON OG REGIONAL UTVIKLING

HVL sin verksemdstrategi har tre overordna ambisjonar. Institusjonen skal levere utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet, som bidrar til å løyse samfunnsutfordringar. Vi skal vere ei sterk innovasjonskraft, med tette relasjonar til samfunns- og arbeidslivet. HVL skal vere ein ambisiøs samfunnsaktør, som er den føretrekte kunnskapspartnaren i regionen. KD trekk fram regional utvikling som ein av tre hovudområde i sine føringar til HVL, ved sidan av utdanning og forskning. Formålet med dette dokumentet er å operasjonalisere verksemda sin strategi og gi retning til vårt arbeid med ansvarleg innovasjon og regional utvikling i tråd med eigar sine føringar.

Rolla som regional utviklingsaktør har vore eit berande element i høgskuletradisjonen i korleis ein har gjennomført og utvikla studietilboda, og seinare i anvendt og profesjonsnær kunnskaputvikling gjennom forskning som er viktig for nærings- og samfunnsliv. HVL tek denne tradisjonen vidare.

Engasjementet for regional utvikling er tydeleg i organisasjonsstrukturen gjennom at samfunnsoppdraget er leia av ein prorektor for regional utvikling på institusjonsnivå og av prodekanar ved kvart fakultet. Desse leiarrollene skal legge til rette for at HVL nyttar ressursar i organisasjonen til å fremje ansvarleg innovasjon og regional utvikling. I tillegg har ein etablert samfunnskontaktar i administrasjonen ved dei fem campusane, for å støtte opp om aktiviteten i regionane som omkransar HVL.

Ein føresetnad for gode samarbeid med samfunns- og arbeidslivet er semje om mål som gir nytte for alle partar. Vi prioriterer gjensidige partnerskap med aktørar som aukar omfanget av samskaping mellom fagmiljø og regionen. Dette handlar om å bringe forskinga ut i regionen gjennom innovasjonar, kunnskapsoverføring til regionale verksemder gjennom studentar i praksis eller oppgåvesamarbeid, og om å utvikle nye studietilbod som dekker regionale kompetansebehov.

Tilsette på alle nivå bidrar til HVL sin samhandling med arbeids- og samfunnslivet. For å realisere høgskulen sine ambisjonar er det følgjande retningsgjevande for utforming av tiltak i fakulteta og i fellesadministrasjonen:

HØGSKULEN PÅ VESTLANDET PRIORITERER SAMARBEID PÅ TVERS

HVL er ein samskapande høgskule med levande campus som tek ei tydeleg rolle som regional utviklingsaktør. Vi koplur undervisning og forskning til samhandling med eksterne aktørar på ein måte som bidrar til samfunnsutviklinga. Arbeidet med innovasjon og regional utvikling løftar fram breidda av aktivitetar frå utdanning og forskning for å bidra i regionale utviklingsprosessar. Gjennom den europeiske universitetsalliansen ARTEMIS vidareutviklar vi samarbeidsmetodikken frå «levande laboratorium» på ein måte som styrkar lokale og regionale innovasjonsprosjekt. Vi utviklar og tar del i europeiske nettverk av nyskapingssatsingar gjennom til dømes HVL Skape.

Vår institusjon følger opp kommersialisering av idear frå studentar og tilsette gjennom målretta tiltak i samarbeid med eksterne aktørar. Høgskulen sin aktivitet styrkar regionen sin attraktivitet og konkurransekraft, og bidrar til berekraftig omstilling.

HVL har samarbeidsavtalar med strategisk viktige aktørar i vår region og er medlem av mange nærings- og innovasjonklynger. Vi bidrar i desse nettverka med kompetanse på høgt fagleg nivå. HVL held fram med å drive klyngeutvikling og støtter opp under nye klyngeinitiativ gjennom kompetansen ein har på regionale innovasjonssystem og klynger.

Gjennom våre satsingsområde for forskning og våre sentrale, samfunnsaktuelle utdanningar bidrar vi inn i nettverk og samarbeid. Med utgangspunkt i vårt engasjement for ansvarleg innovasjon og regional utvikling, deltek våre tilsette i klynger og i partnerskap for å løyse viktige samfunnsutfordringar til dømes i skule, barnehage, helsevesenet og i næringslivet. Våre tilsette deltar med bakgrunn i etablerte samarbeidsavtalar. Vi prioriterer arbeid med strategisk forankring.

EIT PROFESJONS- OG AREIDLIVSRETTA UNIVERSITET

I skipinga av det framtidige Universitetet på Vestlandet vidarefører vi høgskuletradisjonen og vidareutviklar rolla som ein profesjons- og arbeidslivsretta institusjon. Høg arbeidslivs- og samfunnsrelevans i studietilbod og forskning pregar alle deler av institusjonen. HVL samarbeider tett med aktørar i arbeidslivet om innhald i og gjennomføring av utdanningsprogram.

HVL jobbar for at studentane får nytte arbeidslivet som læringsarena gjennom god tilgang på praksisplassar hjå dei mest relevante arbeidsgjevarane. Praksisavtalar nyttast systematisk for å sikre kvalitet og relevans i studiane. Gjennom ARTEMIS-samarbeidet aukar vi talet på internasjonale praksisplassar.

Vi deltar i lokale og regionale kompetanseforum og andre relevante arenaer der HVL held seg oppdatert på kompetansebehovet i regionen. Å trekke ekstern kompetanse inn i programutval prioriterast for å sikre arbeidslivsrelevans i utdanningane. HVL nyttar våre doktorgradsprogram som et verkemiddel for å styrke kunnskapsintensiteten i regional omstilling, mellom anna gjennom ein høg del offentlege- og nærings-Ph.d.-ar.

LEVANDE OG SÆREIGNE CAMPUS

HVL sin styrke er at vi har fem campus med tett samarbeid med regionen. HVL nyttar særtrekk og lokale tilhøve ved campusane som konkurransefortrinn. Det er gode tilhøve for at tilsette og fagmiljø kan finne lokalt tilpassa løysingar for sitt samarbeid med eksterne partnerar for å utvikle campus og regionen. Regionalt samarbeid og utvikling inngår som ein del av arbeidsoppgåvene til våre tilsette. Tilsette har handlingsrom til å utvikle gode samarbeid med lokal og individuell tilpassing med utgangspunkt i gjeldande strategiar og handlingsplanar.

HVL søker alltid forbetring. Tilsette har høve til delta i nettverk og på relevante møtearenaer for regional samhandling for å utvikle eigen kompetanse og finne nye løysingar på samfunnet sine utfordringar.

EIT INKLUDERANDE AKADEMISK FELLESKAP

Høgskulen på Vestlandet er ein arena som inkluderer eit mangfald av borgarar i eit akademisk fellesskap. Vi er ein regional aktør som bygger menneske og samfunn, der den einskilde student, kandidat eller tilsett får høve til å nytte sin kompetanse til å utvikle samfunnet. Å sikre høg grad av deltaking i alle delar av samfunnet er ei viktig oppgåve for HVL som utviklingsaktør. HVL har ei tett samarbeid med offentlege aktørar om samfunnsutviklinga. Vi driv kunnskapsutvikling gjennom anvendt forskning i samarbeid med partnerar i regionen.

HVL samarbeider med relevante aktørar om å utvikle og tilby fleksible, tilrettelagte utdanningar, både som grunnutdanning og som etter- og vidareutdanning. Vi samarbeider og har god dialog med kommunar, fylkeskommunar, statlege etatar, helseføretak, næringslivsorganisasjonar og lokale studiesenter for å sikre at HVL tilbyr dei kompetansehevande etter- og vidareutdanningane regionen treng. HVL nyttar dei verkemidla som er tilgjengeleg for å knyte til seg undervisningsressursar og andre tilsette med relevant og oppdatert erfaring frå det arbeidslivet våre kandidatar går ut i.